
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 29. juni 2016 16:16
Til: postmottak SD
Emne: Nytt høringssvar til 16/485 - Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029

Referanse: 16/485
Høring: Høring - Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029
Levert: 29.06.2016 16:15
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Solfrid Vestli
Kontaktperson: Solfrid Vestli
Kontakt-e-post: solfridhelen@hotmail.com
Tittel: Om overgang mellom tog og andre kollektivtransportmiddel i Trøndelag

Uttalelse:

Om overgang mellom tog og andre kollektivtransportmiddel i Trøndelag

Under kapittelet "Langsiktig jernbanestrategi" (.s17) i den nasjonale transportplanen står det at det er viktig å få til ein god moglegheit for *overgang* til andre kollektivtransportmiddel.

Dette er eg heilt samd i. Skal det vera mogleg å nå målet om fleire på toget og null biltrafikkvekst må overgang vera mogleg. Men då må det vera eit fungerande kollektivtransportsledd mellom distrikta og jarnbanestasjonen og i dag er det dette som manglar. Min heimstad Ekne i Levanger kommune er eit døme på dette. I dei siste åra har tilbudet stadig skruma inn trass underskriftsaksjonar og steil lokal motstand. Men i dag er det ikkje lenger realistisk å pendla kollektivt t.d.

Så skal måla i transportmålen verta oppfylde må dette viktige mellomleddet mellom opplandet og jarnbanen på plass igjen. Ikkje nødvendigvis i si gamle form av ei bygdabussrute som sjeldan var tilpassa moderne transportbehov og dermed hadde få reisande (eit velbrukt argument for å leggja ruta ned), men i ei tilbringartransportordning som er så fleksibel at ho høver så mange grupper som mogleg, både eldre, uføre, innvandrar, pendlarar, studentar samt turistar som i Ekne sitt tilfelle gjerne skal til det nasjonale fredssenteret i den gamle fangeleiren Falstad.

Eg trur at ei slik tilbringartransportordning mellom t.d Ekne og Skogn stasjon skulle verka positivt, ikkje berre i høve til transportplanen, men også når det gjeld næringsliv og folketal, og gjera at utkantane kjem "på sporet" att.

Vedlegg: -